



Kjell Yri deklamerte Steinbiten

**Heilt i orden. Vi kan ikkje halda fram med lidinga i det uendelege. Dette var ein av reaksjonane vi fanga opp etter den felles valgkampopninga på Husnes i ettermiddag. Kommentaren galdt den siste som hadde ordet – Venstre sin ordførarkandidat Kjell Yri frå Uskedalen. Noko overraskande deklamerte han det saftige diktet om Steinbiten og grunnga det med at vi må vidare etter terrorhandlinga og gje rom for nye tankar. Andre meinte at Yri i alle fall burde vald eit anna dikt.**



- medan Gunn Mari Moberg streka under at vi nåkan auka oppslutnaden om demokratiet

Dei andre ordførarkandidatane heldt seg derimot strengt til det som har vore temaet sidan 22. juli og som var i tråd med det møteleiar ordførar Synnøve Solbakken sa. Ho streka under at dei som nyttar røysteretten ved valet vil støtta demokratiet, som er avhengig av ein sterk forankring i folket.

Høgreleiar Gunn Mari Moberg frå Uskedalen slo fast at dette valet ikkje kan bli som andre val. Det som skjedde i Oslo og på Utøya var eit blodig og brutalt angrep på det politiske systemet vårt og på politisk engasjert ungdom.

Det har vore semje om ein politisk pause før valkampen, men pausa har samstundes gjeve ny meining til politikken, heldt Høgreleiaren fram.

Gjerningsmannen ønskte å svekka demokratiet vårt, men gjennom valet har vi alle moglegheiter til hellerå auka oppslutnaden om dette.

Moberg streka under at vialle har eit ansvar for å ivareta mangfaldet og den fridomen som er så viktig for demokratiet.

Dei fleste listekandidatane frå Uskedalen var med i valkampopninga.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen